



**HOL KOMMUNE**

---

**Kommunale regler for tildeling av  
spelemidlane til anlegg for idrett og  
friluftsliv**

---

Vedtatt av Hol kommunestyre – 20.03.1997, sak 18/97

## **KOMMUNALE REGLAR FOR TILDELING AV SPELEMIDLANE TIL ANLEGG FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV**

### **SØKNADEN VED INNLEVERING TIL KOMMUNEN:**

Det skal nyttast fastsett skjema med aktuelle vedlegg ved søknad om spelemidlar.

Anlegget skal vera med i kommuneplanen for idrett og friluftsliv.

Søkjarar kan vera kommuner, fylkeskommuner, idrettslag, NJF, DNT, DFS, Norges Bilsportforbund, stiftelser, aksjeselskap, borettslag og velforeningar eller andre samanslutningar som ikkje har kommersielt formål.

Det kan søkjast om støtte til bygging og rehabilitering av anlegg som er opne for alle og ikkje underlagt kommersielle interesser.

Kopi av skøyte/leigeavtale skal følge søknaden.

### **TEKNISK GODKJENNING**

Saman med søknaden skal det ligge føre ei teknisk godkjenning for planene for anlegget.

Det skal gå fram av påtekning/stempel på teikningane kven som har godkjent dei.

Teknisk godkjenning skal vere i orden før byggearbeidet blir sett i gang.

Arbeidet med teknisk godkjenning er delt mellom kultur og teknisk etat i Hol kommune.

### **Kultur og oppvekstetaten sjekker:**

At dei generelle bilag er med

At retningsliner for rekneskap blir følgd. (Eige anleggsrekneskap)

Om anlegget er med i idrettsplanen

Dokumentert behov for anlegget

Tilgjenge

Fleirbruk/kva skalg aktivitetar det er bruk for

Skøyte/leigeavtale

Foreløpig finansiering/drift

Innteningsmogelegheiter sett i høve til driftsutgifter

Anlegget/bygget i høve til det estetiske og miljømessige.

### **Teknisk avdeling sjekker:**

Plan- og bygningsloven/ byggeforskrifter / helseforskrifter

Reguleringsplanen (kontroll)

Eigedomsgrenser (kontroll)

At dei vil fungere tilfredsstillande i høve til retningslinene

Sjekke at kostnadsoverslaget verkar fornuftig. Vurdere detaljeringsgraden

Tilgjenge for handicappa

Verkar situasjonsplanen fornuftig

Plan for energigjenvinning (ENØK)

- Miljøvernleiar må ha mogelegheit til å uttale seg.
- Større anlegg som riksanlegg, fleirbrukshallar/ spesialhallar, samt rehabilitering/ ombygging av desse og prøveprosjekt/ prøveanlegg må sendast til departementet for godkjenning.

### **SØKNADSRISTER:**

- For nye søknader 1. februar
- Fornya søknader 1. november

Søknadene skal vere sendt frå Hol kommune til fylkeskommunen innan 15.januar kvart år.

Kulturkontoret annonserar søknadsfristen for spelemidlar i løpet av februar mnd.

### **UTBETALING AV SPELEMIDLANE**

Fylkeskommunen betalar ut godkjente stønader til kommunen, som kommunen straks utbetalar.

Anlegg som ikkje er eigd av det offentlege, får stønaden sin formidla gjennom kommunen.

Kommunen står ansvarleg ovanfor fylkeskommunen og departementet for at dette skjer i samsvar med føresetnadene for den stønaden som er løyvd.

### **INNDRAGNING AV MIDLAR**

Løyvde midlar skal helst brukast i tildelingsåret. Pengar som ikkje er brukt i løpet av 2 år etter at stønad er løyvd, dvs. datoen på brevet om tilsagn om midlar, vil bli trekt tilbake, dersom ikkje fylkeskommunen har forlenga fristen.

## KOMMUNALT TILSKOTT

Hol kommune gir tilskott til dei ulike anleggstypene etter følgjande rettleiande satsar:

Prosjekt	Tilskuddsandel	Øvre tilskuddsramme
rehabiliteringsprosjekt	33%	kr 350.000,-
nærmiljøanlegg	33%	kr 200.000,-
friluftslivsanlegg	33%	kr 300.000,-
Nye treings/konkurransanlegg	20%	kr 300.000,-
Nye trenings/konkurransanlegg, næringsrelatert	15%*	kr 200.000,-

Anlegg som får tilskott frå andre offentlege finansieringskjelder så som kulturlandskapsmidlar, BU-midlar, vannmiljømidlar o.l. må rekne med å få reduserte kommunale tilskott etter vurdering av kvart einskilt anlegg.